



Flo 1 AS  
Gravdalsveien 3  
5165 LAKSEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2017 - 17/34074

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.12.2017

## Vidare saksgang i høve søknad om naust - gbnr 245/18 Kvamme

Vi viser til søknad om riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust med platting, kaifront og båtopptrekk på eigedom gbnr. 245/18.

Tilbygg til eksisterande fritidsbustad er planlagt handsama av Plan- og miljøutvalet 13.12.17 som orientert om i skriv datert 30.11.17.

Handsaming av søknad i høve naust vert administrativ i samsvar med gjeldande delegeringsreglement. Vi har motteke uttale frå Fiskeridirektoratet, sjå vedlegg.

Administrasjonen er ikkje positiv til dei skildra tiltaka med å snu naustet 90°, heve høgda i høve eksisterande naust, etablering av platting, kaifront og båtopptrekk slik som omsøkt.

Administrasjonen er av den oppfatning av at eksisterande naust ligg godt tilpassa omkringliggjande terreng. Skissert tiltak fører til yttarlegare privatisering av strandsona og vil vere eit stort tiltak i høve til det å rehabilitere eksisterande naust, evt. nytt naust med same plassering og evt. etablere nytt/rehabiliter eksisterande båtopptrekk mot gavli i eksisterande naust. Ut i frå fotodokumentasjon er tilkomst til naustet i dag via sti frå fritidsbustad aust for naustplassering.

Vi ber om attendemelding på om at de ønskjer at vi handsamar søknaden slik den ligg føre.

**Frist for attendemelding vert sett til 14.12.17.**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Flo 1 AS	Gravdalsveien 3	5165	LAKSEVÅG
Roy Hjelmeland	Nesmyren 10	5114	TERTNES
Roy og Kjersti Hjelmeland	Nesmyrane 10	5114	TERTNES

**Mottakarar:**

Flo 1 AS	Gravdalsveien 3	5165	LAKSEVÅG
----------	-----------------	------	----------